

Sogn og Fjordane Ungdomslag

Referat. Styremøte 19.4.2018

WWW.SOFUL.NO
[HTTPS://WWW.FACEBOOK.COM/SOFUL/](https://www.facebook.com/SOFUL/)

1. Konsolidering av styret:

Hildegunn ønskete velkommen, nye og gamle styremedlemmar presenterte seg sjølve.

Hildegunn tok attval på årsmøtet som styreleiar. Etter kort diskusjon kom styret fram til denne samansetninga av styret for 2018:

- Leiar: Hildegunn R. Gjelsvik.
- Nestleiar: Knut P. Bøyum. Knut er vara for Inge i Studieforbundet kultur og tradisjon.
- Kasserar: Jorunn Sundal. Jorunn er òg SOFUL sin representant i Kystmuseet.
- Styremedlem: Inge Masdal. Inge er òg SOFUL sin representant i Studieforbundet kultur og tradisjon og vara for Jorunn i Kystmuseet.
- Styremedlem: Alf Jørgen Bråtane. Alf Jørgen fungerer òg som sekretær/skrivar dersom Christoffer Knagenhjelm ikkje er til stades under styremøte.
- Fast referent: Christoffer Knagenhjelm, Rådgjevar for kulturbrygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane.

2. Julesonghefte

Jorunn hadde med framlegg om kva sangar, og kor mange som burde være med i heftet. Det vart avtalt at Knut, Jorunn og Christoffer fekk ansvar for å finne nynorsktakstar til songforsлага.

Christoffer vil undersøke kva det kostar å få laget forsideillustrasjon og nokre teikningar inni heftet. Det kom forslag om å nytte «Det lyser i stille grednar» som forsideillustrasjon. Jorunn vil ta kontakt med trykkeri for å få tilbod på trykkekostnandane. Basert på dette vil Christoffer lage eit budsjett for Julesongheftet. Christoffer vil òg komme med forslag til bladbunad.

Det står 33 419,50,- på konto til julhefte. Det vart gjort vedtak på at dette er ramme for prosjektet.

I tillegg vart det diskutert om ein skulle kontakte kulturskulen, og høre om det var interesse i å spele inn alle eller nokre av sangane. Songane kan ev. distribuerast på cd, eller leggast ut til nedlasting på heimesiden til SOFUL. Bakgrunnen for dette er at vi ønskjer at heftet skal vere tilgjengeleg for skuleverket. Men det er ikkje alle lærarere som er konfortabel med å synge. Innspelte songar kan her vere eit stort hjelpemiddel. Førresetnad er dette kan gjerast utan at TONO må krevje inn vederlag frå skular for å nytte songane.

Tekstar skal vere klart til neste styremøte. Tekstane til songar skal sendast til Christoffer.

3. Jol i Sogn

I dag står det 339 351,76 på kontoen til Jul i Sogn. Det vart gjort vedtak på å overføre 100 000,- til SOFUL.



Referat. Styremøte 19.4.2018

4. Jol i Sunnfjord

Jorunn har undersøkt og kontakta folk som vil vere interessert i å sitte i styret. Oddvar Gjelsvik har sagt seg interessert. Hildegunn vil òg sitte i styret. I tillegg vil Knut snakke med Odd Skei.

Jorunn foreslo at første nummer kunne nytte same tema som Jol i Sogn. Jorunn tek ansvar for å kalle inn styret. Styret vil ta kontakt med Sunnfjord museum som var utgjevar tidlegare for å avklare rettigheter til namnet.

5. Utviding av stillinga til Christoffer Knagenhjelm

På årsmøtet vart det vedtatt at stillingsprosenten i SOFUL skulle justerast frå 10 % til 20 %. Totalt 60 % inkl. Huset Bygda. Auka stilling skal nyttas til å betre kontakten med lokallaga. I første omgang vil Christoffer utarbeide spørjeundersøking for å avdekke kva behov laga har. Han vil og vitje lokallaga, t.d. i samband med regionsamlingar for å få innspel frå laga.

I tillegg vil SOFUL forsøke å arrangere leiarsamling for lokallag til hausten. Både leiarar og styremedlemmar frå lokallaga vil bli invitert.

Christoffer vil òg undersøke om det er interesse for kursing/hjelp til Hypersys. SOFUL vil òg auke fokus på å nytte e-post og andre informasjonskanalar (Facebook m.m.) for å informere lokallaga om aktuelle saker. Styret vil òg undersøke om t.d. vitjing frå styremedlemmar på årsmøtet er ønskeleg frå lokallag.

6. Landsmøte 2018

Hildegunn, Jorunn og Inge stiller på vegen av SOFUL på landsmøtet 28-29. april.

7. Ymse

Olaf Skjerdal og Tordis Skjerdal Raubotni frå redaksjonen i Jol i Sogn var til stade under første del av styremøte. Dei var òg med på diskusjonen om Julesonghefte og Jol i Sunnfjord.

Hildegunn har fått førespurnad frå Måløy om å hjelpe til å starte opp at ungdomslaget Havraak. Christoffer vil lage ein presentasjon av SOFUL og NU, om kva vi kan tilby av hjelpe.

Styret gjorde vedtak om at referat etter styremøte skal ligge ute på www.soful.no og sendast til lokallaga.

Christoffer skal til Oslo 27-28. april, som del av dei årlege kontaktmøte med NU om Huset i Bygda. Han vil òg delta på landsmøtet som observatør laurdag 28. april.

Referent

25.04.2018


Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

